

Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. April 2023.

Tid: 17.04.23, kl. 19.00 – 20.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas

Saksliste:

1) Orientering om aktuelle saker v/ styreleiar Morten Øveraas

- Regnskapsfører John Øveraas har på vegne av sogelaget sendt inn søknad om kulturmidlar frå kommunen.
- Styremedlem Frostad kan fortelje at kommunen har tatt vare på ei samling av munnlege intervju med lokale veteranar frå andre verdskrigen. Intervjua er analogt tatt opp av Jon Frostad på midten av 90-talet. Dette kan vere interessant blant anna i samband med eit ev. revidert og utvida opptrykk av heftet om andre verdskrigen i Vestnes. Kan hende lyt me ta kontakt med Norsk lokalhistorisk institutt etter ei vurdering av omfanget og kvaliteten på materialet.
- Styremedlem Hellen kan fortelje at Edvart Sylte har tatt vare på ei rekke intervju med vestnesingar fødd på 1950-talet. Også her må sogelaget skaffe seg innsikt i materialets relevans og kvalitet.
- Per Bjørn Ellingseter ønskjer at kommunen let sogelaget overta lageret med Brovold-bøkene – utan kostnad. Styreleiar tek kontakt med Ingrid Skjegstad for å få realisert denne visjonen.
- Den planlagde Brovold-utstillinga (bøker, bilde, enkelte gjenstandar) ligg på is enn så lenge, til me endeleg får avklart om vindauge på biblioteket har det naudsynte sollys-filteret.

2) Bygdeboksaka kjem opp i neste kommunestyremøte. For sogelaget er det viktig å få oversikt over materialet, om kva retter kommunen har angåande innsyn i manuskriptet, og – ikkje minst – tilgang på dei innsamla primærkjeldene. Systematiseringa av stoffet blir eit dugnadsarbeid – kan hende med støtte frå organisasjonen Slekt og Data. Målet må altså vere å få oversikt, og deretter bli einige om strategien framover.

3) Foredragskveld med Åsta Vadset på Vestnes bibliotek, 26. april. Vadset skal ta for seg Saniteteskinnelaget i eit kvinne- og helseperspektiv. Morten har lagt ut informasjon på FB-sidene og i lokalavisene om arrangementet. Dette blir gratis, men me må oppmøde deltakarane til å vipse sogelaget ein symbolsk sum.

- 4) Andre aktivitetar i sommar/haust.** Her kom det to gode forslag.
- Bildekveld på Myra kulturhus, leia av Lars Sigmund Kleive og Jostein Bø. Dette vil vere ei kontekstualisert framsyning av eit par-tre dusin fengande bilde av lokalhistorisk verdi. Foreløpig tidfesting: Slutten av september.
 - Sogelagsutflukt til dei NTNU-arrangerte arkeologiske utgravingane i Tomrefjord-/Furlandsområdet. Morten tek kontakt med utgravarane, og kjem med forslag til dato. Han vil òg høyre om det i etterkant kan vere aktuelt å invitere interesserte til kaffi og foredrag på forsamlingshuset på Furland.
- 5) Sponsorarbeid** i samband med utgjeving av årsskriftet. Styremedlemmane fordeler aktuelle bedrifter i mellom seg, primært basert på fjarårets liste. Kontakt med sponsorane lyt gjerast før fellesferien.
- 6) Konstituering:** Styremedlem Tomren tek atter ein gong på seg den prestisjefylte og glamorøse sekretærjobben. Før neste årsmøte lyt me vurdere om kasserar bør vere del av styret.
- 7) Neste styremøte:** 5. juni, kl. 19, Vestnes bibliotek.

Vestnes, 17/4-22

Referent: Tore Tomren